



Kåre Eik, turleiar, forfattar og friluftsmenneske, med Kongens medalje og diplom.

Den 14. oktober kom det melding frå Slottet om at H.M. Kongen hadde tildelt Kåre Eik frå Rosendal/Seimsfoss Kongens fortjenestemedalje. Bak søknaden om å tildela fortjenestemedaljen til Kåre Eik stod: Rosendal Turnlag – Turgruppa, Rosendal Turnlag – Hovudlaget, Kvinnherad Turlag og Bergen og Hordaland Turlag. Utdelinga vart markert på Rådhuset i denne veka.

Kåre Eik har lagt ned ein eineståande innsats for turlivet og idretten, både som tilretteleggjar av ruter, eldsjel, inspirator, guide og leiar av konkurransar, arrangement og stemne. Han har også vore involvert i ei rad store bokprosjekt. Han er ikkje berre kjent i heimbygda Rosendal, men i heile Kvinnherad kommune og Hordaland fylket.

Morten Nygård har henta inn dokumentasjon og skrive søknaden til Kongen.



[Kjell Yri frå Kvinnherad Turlag sa fram helsing til ein god mentor med store kunnskapar om fjella i Kvinnherad.](#)

Kjell Yri sa fram helsing frå Kvinnherad Turlag. I talen sin framheva han den store innsatsen Kåre har gjort som mentor og inspirator for nye turleiarar. Knapt nokon kjenner fjella i Kvinnherad betre enn Kåre. Det gjeld også fjella rundt Uskedalen. Han har mellom anna vore med på merking og det å skaffa skilt til dei mange turstiane til Ulvanoso, Englafjell, Manen og Solfjell.

På medaljeutdelinga var Rustne Menn frå Uskedalen med og framførte tre songar, ein tekst av Erik Bye og to irske låtar med tekstar omsett til norsk av Svein Rimestad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal